



Retningslinjer for kunstnarstipendet

Om ordninga

Møre og Romsdal fylkeskommune deler ut kunstnarstipend for profesjonelle kunstnarar. Ordninga har ei økonomisk ramme på 1 000 000 kroner.

Ordninga er inndelt på følgande måte:

- Eit arbeidsstipend på 200 000 kroner til søkarar innan visuell kunst
- Eit arbeidsstipend på 200 000 kroner som er ope for søkarar frå alle kunstfelt
- 600 000 kroner som kan fordelast på fleire stipend innan alle sjangrar, inkludert visuell kunst

Viss ikkje arbeidsstipendet blir delt ut, kan midlane bli fordelt på dei andre stipenda.

Retningslinjene for ordninga vart vedtatt i kultur- og folkehelseutvalet sitt møte 24. oktober 2023, i sak 03/23.

Formål

Møre og Romsdal fylkeskommune si ordning med kunstnarstipend skal:

- fremme kunstfagleg aktivitet av høg kvalitet hos kunstnarar som bur og har sitt virke i fylket
- stimulere til at kunstnarar etablerer seg i fylket
- gi kunstnarar moglegheit til å fordjupe seg over tid for å utvikle seg og heve den kunstnarlege kvaliteten på arbeidet sitt
- gi kunstnarane moglegheit til å arbeide med nyskapande utviklingsarbeid

Kven kan søke

1. Stipend kan søkast av profesjonelle kunstnarar som bur og har sitt virke i Møre og Romsdal.
2. Søkar må ha kunstnarisk verksemd som sitt hovudvirke.
3. Søkar må ha kunstfagleg utdanning på bachelornivå eller høgare eller kunne til vise til kunstfagleg realkompetanse og profesjonell verksemd.



4. Om du tidlegare har fått arbeidsstipend på 200 000 kroner frå Møre og Romsdal fylkeskommune skal det gå minst tre år før du vil bli vurdert for nytt arbeidsstipend.

Kva kan stipendet brukast til?

Stipendet skal brukast til arbeid med konkrete kunstnariske prosjekt, fagleg fordjuping og utvikling. Det kan òg brukast til andre kostnader knytt direkte til den skapande verksemda.

Kva kan stipendet ikkje brukast til?

- Finansiere oppstart av næringsverksemd
- Finansiering av studiar

Krav til søknaden

Søknaden skal sendast elektronisk via søknadsskjema på fylkeskommunen sine nettsider. Vedlegg skal lastast opp i søknadsskjemaet. Alle vedlegg skal vere i PDF-format.

I søknadsskjemaet må du oppgi følgande:

- Kontaktinformasjon
- Kort skildring av kunstnarskapet der du i hovudsak viser til nyare aktivitet og prosjekt frå dei fem siste åra. Skildringa skal gi dei som vurderer søknaden ei forståing av kva du som søker jobbar med.
- Skildring av kunstnariske planar og målsettingar, gjerne konkrete prosjekt. I tillegg skal du beskrive kva du ønsker å bruke stipendperioden til.
- CV på inntil 3 sider skal vere lasta opp i PDF. Den skal vise relevant kunstnarisk utdanning, kunstnarisk verksemd og produksjon og anna relevant informasjon.
 - Kommande aktivitet skal berre vere inkludert om den er bekrefta.
- Inntil 5 vedlegg kan leggest ved i tillegg til CV. Vedlegga må vere representative for kunstnarskapet og i hovudsak dokumentere nyare arbeid. Dokumentasjon skal vere i PDF slik at alle verk ligg i ei og same PDF-fil på maksimalt 12 sider.
 - Video- og lyddokumentasjon kan leggest ved som nettlenger (for eksempel Vimeo, YouTube, SoundCloud). Nettlenkene skal vise direkte til det aktuelle materialet.



- Dersom påloggingsinformasjon er påkravd, må brukarnamn vere tilgjengeleg i minst 6 månadar etter søknadsfrist.
- Du må sende inn eit budsjett saman med søknaden

Søknadsfrist

Søknadsfrist er 1. april kl. 13.00 kvart år. Søknadar som kjem etter fristen vil ikkje bli behandla.

Viss fristen er på ein heilagdag, blir fristen forlenga til kl. 13.00 første kvardag etter 1. april.

Vurdering av søknadar

Kulturavdelinga er sekretariat for stipendet. Det blir innhenta kompetanse frå aktuelle faginstansar i vurdering av søknadene.

Søknadane innan visuell kunst skal leggjast fram for ein eigen komité som blir sett saman av fagfolk frå kunstinstusjonar og representantar frå kunstorganisasjonane Biletkunstnarane Møre og Romsdal og Norske Kunsthåndverkere Midt-Norge.

Kultur- og folkehelseutvalet fordeler stipenda etter innstilling frå dei ulike faginstansane.

Utbetaling og rapportering

- 75 % av stipendet blir utbetalt ved tildeling.
- Dei som får stipend må levere sluttrapport for sitt kunstnariske arbeid i stipendperioden. Dei resterande 25 % av stipendet blir utbetalt etter sluttrapport.
- Dersom det har blitt endringar i dei kunstnariske planane, skal dette kommenterast i sluttrapporten.
- Stipendperioden varer i eitt år frå tildeling. Stipendmottakarar må sende inn sluttrapport på bruk av stipendet innan 3 månadar etter stipendperioden.